

Måndag - fredag kl. 08.00 - 15.30
Tysdag kl. 08.00 - 19.00
Merk! Laurdagsope gjeld frå veka etter påske,
til midten av oktober, med unntak av juli mnd.
Laurdag kl. 09.00 - 12.00



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 86 00
firmapost@vor.no

www.vor.no

OFFENTLEG INFORMASJON

Foto: VØR, Shutterstock, iStock, Loop



Miljøstasjonen

Det skal vere enkelt for deg
å sortere og levere avfall!



Du startar på vekta

God informasjon på førehand er ofte det du treng for å kome hit. I denne brosjyren kan du lese om ulike typar avfall, kvar dei skal leverast og kva som skjer vidare med avfallet etter levering.

Når du kjem til VØR for å levere avfall, vil vi registrere det du har med deg. Hald difor til høgre og køyr på vekta. Det same gjer du på veg ut, då på venstre side av vektbuda.

Sjå www.vor.no for prisar på levering av avfall!

Isopor

Du kan levere rein og kvit isopor i stativa som er plasserte langs gjerdet inne i sorteringshallen.

Isopor blir vidaresendt til eit anlegg der ein komprimerer den og lagar ny isopor.

Byggelement av isopor skal leverast som restavfall.

Keramikk/porselen

Porselen, keramikk, fliser, biltruter, takstein, leca, stein og sement er døme på uorganisk materiale.

Konteinaren står plassert ved sidan av elektrisk og elektronisk avfall. Dette blir sendt vidare til deponi.

Ta kontakt med entreprenør dersom du skal levere store mengder stein og betongavfall.

Hageavfall

Rydde i hagen? Du kan levere lauv, kvist og planter til venstre før du køyrer inn i sorteringshallen (sjå oversiktskart). Ikkje kast stein, jord eller anna avfall saman med hageavfallet.

Hageavfall blir kverna og kompostert til jord, saman med kloakkslam.

Kle & tekstilar

Inne på miljøstasjonen finn du ein innsamlingsbeholdar frå UFF. Her kan du levere kle, sko, tepper, dyner, puter, handkle, dukar, sengety, gardiner, belte, smykke og mjuke leiker.

Hugs at det du leverer frå deg skal vere reint og tørt. UFF og Fretex har fleire innsamlingsbeholdarar plassert rundt omkring i kommunane. Du kan også levere på NMS Gjenbruk i Volda og NLM Gjenbruk i Ørsta.

Elektrisk & elektronisk

Elektrisk & elektronisk avfall (EE-avfall) inneheld farlege stoff, som ikkje skal blandast saman med anna avfall. Det blir sendt til eit behandlingsanlegg, der dei farlege stoffa blir teke ut og handsama på ein forsvarleg måte. Resten blir knust, og metallet dei tek ut kan brukast i produksjon av nye varer.

Du kan levere småelektriske varer inne i sorteringshallen, og kvitevarer ute på oppmerka område (sjå oversiktskart).

Plastemballasje

Sjølv om du sorterer plastemballasje heime, hender det at du ikkje får plass til alt. Dette kan du levere på VØR, i utplasserte stativ langs gjerdet inne i sorteringshallen.

Rein og tørt plastemballasje blir sendt til gjenvinning. Dei verdifulle råstoffa blir brukt til å lage nye produkt, som til dømes kontorstolar, fleecejakker og leiker for born.



Du kan levere

Vi ønsker at du skal sortere mest mogleg avfall, både heime og på miljøstasjonen. På den måten bidreg vi til eit betre miljø og vår felles framtid!

Vi legg vekt på ein oversikteleg og godt merka miljøstasjon, slik at du kjenner deg trygg når du leverer avfall hit. Dersom du er usikker, tek du kontakt med dei tilsette i sorteringshallen eller i vektbuda.

Restavfall

Kva er egentleg restavfall? Det du sit att med etter at du har sortert, kallar vi for restavfall. Døme på dette er møblar, tapetrestar, hardplast, urein plastemballasje og CD-plater.

Restavfallet blir sendt vidare til brenning som gir fjernvarme.

Glas- og metall- emballasje

Gjenvunne glas- og metallemballasje gir råstoff til produksjon av nye varer, som til dømes spikar og isolasjon.

Døme på emballasje er glasflasker, syltetyglas, hermetikkboksar, lok og korker av metall.

Drikkeglas, krystall, glas frå vindaug og eldfaste former er restavfall.

Metall

Syklar, grasklippar, vedomnar og jarnskrap som ikkje er emballasje;

Leverer du metall i innsamlingskonteinaren blir det gjenvunne og brukt i produksjon av nye varer, som til dømes spikar og armeringsjarn.

Papp & papir

Papp og papir er som namnet lyder pappkartongar, aviser, bøker med mjuk perm, drikkekartongar og reklametrykksaker.

Det du leverer i papirinnsamlinga blir gjenvunne til nye produkt, som til dømes skrivebøker og tørkepapir.

På miljøstasjonen leverer du papp og papir kvar for seg. Grøn avfallsbeholdar ved gjerdet for papir, og eigen kontainer for papp.

Gips/isolasjon

Gips og isolasjon har inga varmegivande effekt og difor går dette avfallet til deponi.

Kontenar for gips/isolasjon finn du til høgre ved gjerdet inne i sorteringshallen.

Bildekk

Bildekk med felg kan du setje frå deg til venstre inne i sorteringshallen, forbi konteinarene for glas- og metallemballasje.

Bildekk utan felg kan du setje frå deg like ovanfor vektbuda (sjå oversiktskart).

Resirkulerte bildekk blir brukt til både regummiering og til nye produkt, som til dømes gummi-granulat (ofte brukt på fotballbaner).

Farleg avfall

Farleg avfall skal leverast til miljøstasjonen i Hovdebygda, fordi det inneheld helse- og miljøskadelege stoff som ikkje bør blandast med anna avfall. Når du leverer det hit, blir det handsama på ein forsvarleg måte.

Du finn eit eige rom der du kan levere farleg avfall, til venstre når du kjem inn i sorteringshallen. Hyllene er skilta slik at du enkelt skal finne fram. Dersom du ikkje finn kvar du skal plassere avfallet, ta kontakt så hjelper vi deg!

VØR tek ikkje i mot eksplosive stoff som til dømes patronar, dynamitt og fyrverkeri!

Byggavfall

Oppussing og andre byggeprosjekt inneber ofte at ein må kvitte seg med avfall. Gamle vindauge, impregnert trevirke, vinylbelegg og asbest er rekna som farleg avfall, og skal leverast på miljøstasjonen.

Vindauge som inneheld miljøskadelege stoff er PCB-vindauge (1960-1975), klorparafinvindauge (1975-1990) og vindauge/dør med farga glas (desse inneheld bly).

Impregnert trevirke blir brukt til å bygge terrasser og trapper utandørs. Slikt treverk inneheld miljøgifter og blir difor rekna som farleg avfall når det skal kastast.

Vinylbelegg kan innehalde det miljøskadelege stoffet *ftalat*, og er difor farleg avfall. Vinylfliser kan i tillegg innehalde asbest.

Asbest (eternitt) finn ein ofte i byggemateriale (til dømes takplater). Dette kan vere kreftframkallande, og difor bør du bruke verneutstyr når du handterer denne typen farleg avfall. Hugs å pakke asbest i tjukk plast før du leverer det.

I garasjen / boda

Fleire har nok opplevd at det kan samle seg mykje rart i garasjen eller boda. Det blir gjerne ein stad ein oppbevarer både måling, spillolje og ulike typar kjemikalier. Hugs å levere det farlege avfallet hit når du ryddar i garasjen eller boda.

Spillolje er olje som er forureina eller har vore brukt. Spilloljen er miljøfarleg, og kan vere helseskadeleg for menneske og dyr.

Måling, lim og lakk kan innehalde miljøgifter. Dette er kjemikalier som kan vere giftige og kreftframkallande, skade forplantningsevna eller endre arvestoffa.

Sprayboksar er farleg avfall. Du kan levere blant anna hårspray, sprayboksar med måling/lakk og insektmiddel. NB! Tome sprayboksar skal også leverast, då dei inneheld restar av drivgass.

Løsemiddel er stoff som løyser opp andre stoff og fordampar. Når løsemiddel fordampar, forureinar den samtidig lufta som vi pustar inn, og det gjer desse stoffa helseskadelege. Døme på løsemiddel er white spirit, aceton, tennvæske, kjølevæske og terpentin.

I huset

Visste du at fleire av produkta du har i huset ditt kan reknast som farleg avfall? Når du skal skifte batteri på fjernkontrollen eller hårsprayen din er tom, er det viktig at du leverer det farlege avfallet på miljøstasjonen.

Sparepærer og lysrør inneheld kvikksølv, som er skadeleg for miljøet. Glaset i lyspærene blir gjenvunne til nye glasprodukt eller kverna om til sand som ein kan bruke til fyllmasse. Metalltet blir smelta om og brukt på nytt.

Reingjeringsmiddel inneheld helse- og miljøskadelege stoff. Restar av reingjeringsmiddel som til dømes klorin, salmiak, plumbo, sølvpuks og bilpleieprodukt skal ein difor sortere ut som farleg avfall.

Batteri inneheld miljøgifter, og blir difor sendt til batteriretur, der dei blir gjenvunne ved å ta ut plast, bly, sink, kadmium, nikkel og kobolt.

Du kan lese meir om levering av batteri på www.batteriretur.no

Merk! Dette er eit utval av produkta i kategorien farleg avfall. Er du usikker? Ta kontakt!



Velkommen til Volda og
Ørsta Reinholdswerk IKS

Følg køyreretning for å levere
på miljøstasjonen →

Trevirke

Hageavfall

Miljøstasjonen

Kvitevarer

Vektbuda

Bildekk u/ felg

Asbest

Administrasjon
& kontor



Velkommen til miljøstasjonen!
Dette kan du levere hjå oss:

- Papir og papp
- Isopor
- Drikkekartongar
- Restavfall
- Tekstilar

- Hushaldningsavfall
- Gips og isolasjon
- Kvitevarer
- Reint trevirke
- Emballasjeplast

- Kreosotstolpar
- Impregnert trevirke
- Metall
- Asbest
- Hageavfall

- Elektrisk og elektronisk avfall
- Glas- og metallemballasje
- PCB og klorparafin vindauge
- Dekk med / utan felg
- Farleg avfall

- Uorganisk materiale (t.d. porselen, fliser og lecablokker)